



## Notat

Dato: 04.03.2016  
Arkivsak: 2014/14792-8  
Saksbehandlar: gurklyv

---

**Til:** Anne Gine Hestetun, Fylkesordførar

---

**Frå:** Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

---

### **Sal av leilegheit i Daniel Hansensgate 9 i Bergen. Underteikning av skøyte og sikringsobligasjon.**

Fylkesutvalet godkjende den 03.12.2015 at bustadseksjon i Daniel Hansensgate 9 i Bergen kunne seljast.

Eigedomsavdelinga har avtale med Fana Sparebank Eiendom AS om eigedomsmeklarteneste knytt til gjennomføring av sal av eigedomar.

Prisønske for bustadseksjonen var kr 3 mill., som var i samsvar med takst. Etter 3 visningar vart den selt for kr 2.701.000.

Vedlagt følgjer skøyte samt sikringsobligasjon. Begge dokumenta skal tinglysast.

Sikringsobligasjonen er pålydande kjøpesummen med tillegg av ein sikringsmargin, med samla beløp kr 3.300.000. Dokumentet vert sletta i grunnboka når meklar, Fana Sparebank Eiendom AS, har fullført det økonomiske oppgjeret.

Vi ber om at skøytet vert signert og stempla i pkt. 9, og at sikringsobligasjonen vert signert og stempla i pkt. 8.

Guro Klyve  
Eigedomsavdelinga

#### Vedlegg

- 1 Skøyte
- 2 Sikringsobligasjon